



Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref.  
16/420-59/N - 567/NILSTR

Dykkar ref.

Dato:  
30.03.2017

## Søknad frå Kvam herad om tilskotsmidlar for 2017

Viser til dykkar utlysing av tilskotsmidlar knytt til punktutbetring av trygge skuleveggar med frist 1.april 2017. Kvam herad søkjer med dette om 3,5 mill. av tilskotsmidlar på 20 mill. i 2017, til omlegging av veg opparbeiding av gangfelt på Fylkesveg 131 i Øystese.

Heile strekket som ein ynskjer endra går frå kryss ved Skårdalsvegen 20 til Fitjadalsevegen 1 i Øystese. Dette er eit område på ca. 300 meter, der det i dag er stor trafikk og som er svært dårleg tilrettelagt for mjuke trafikkantar/skuleborn. Ein søkjer fyrst om å få utbetra den delen av strekket (ca 110 m mellom Gartveitvegen og Fitjadalsvegen) som er smalast, og som synest vera mest trafikkfarleg. Ein ynskjer også å gjere noko mindre tilrettelegging.

Ved skulestart og slutt er det stor trafikk på dette strekket. Elevar som skal til barneskulen frå nord vil fylgje denne vegen. Dei kjem då frå områda Gartveit, Kyrhagen, Leitesdalen, Skårdalen, Fitjadalen. Frå desse områda som er godt utbygde med bustader, er det då naturleg at borna går eller sykklar til eller frå skulen.

I området frå Fitjadalsvegen (Torebøen) er i 2017 også planlagt eit større utbygging med over 30 nye bueiningar. Kvam herad har regulert inn fortau frå kryssavkøyring til Fitjdalsevegen og oppover langs denne vegen. Dette grensar naturleg til FV131 i sør, og ein vil då få eit langt samanhengjande fortau i framtida mellom den kommunale vegen og inn på FV 131 ned til skulen. Bygging av det kommunale fortauet langs Fitjadalsvegen, vil vere ein betydeleg kostnad for Kvam herad. Det vil vere lite meningsfullt å kun byggje den kommunale delen av gang og sykkelnettet, dersom ikkje nettet langs FV131 vert tilrettelagt tilsvarande. Opparbeing av veg/fortau langs FV131passar difor svært godt inn med kommunale prosjekt.

Det er svært gunstig å gjere tilrettelegging og opparbeing av fortau no på den farlegaste delen, før det kjem fleire boligar i området langs FV131 eller fortetting lags Fitjadalsvegen.

### Oppfylling av mål og krav i utlysingsteksten

Knytt til FK sine mål og krav i utlysingsteksten har me desse kommentarane:

- Det er planlagt at tiltaket kan lysast ut på anbod i 2017, dersom finansiering er på plass. Kommunen har sjølv basert på erfaringstal, kalkulert kostnadane med omlegging og opparbeing av fortau. Ein er klar til å lyse ut arbeidet som ein totalentreprise.

- Tiltaket er ei punktutbetring av deler av vegen og vil gje tryggare skuleveg for borna som grensar til eller i dag nyttar vegen som tilkomst til skulen.
- Prosjektet er regulert og både vegomlegging og fortau er vist på vedlagt kartutsnitt.
- Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Dette må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen. Opparbeing av veg og fortau må utførast etter Statens vegvesen sine handbøker. Det har i tillegg vore fleire møter der ein har diskutert dette strekket med SSV sine representantar.
- Tiltaket er forankra hjå ordførar, kommunestyret og i den kommunale trafikksikringsplanen. Tiltaket er prioritert på topp i trafikksikringsplanen. Både denne planen og i reguleringsplanen for området er godkjendt politisk. I Kvam herad sin TS-plan 2016-2019 er dette tiltaket (Øysteseheimen – X Fitjadalsvegen) prioritert på topp når det gjeld gang/sykkelvegar, veglys og vegutbetring. Strekket er i dag dårleg lys-sett, vegen er smal, svingete med fleire avkøyrslar. Det er Statens Vegvesen som er sett opp som ansvarleg for utføring av tiltaka i TS-planen, men Kvam herad kan stå for gjennomføring av dette dersom finansiering kjem på plass.

## Økonomi

Utbetring av øvre del (ca. 110 m) av FV131 er kostnadsrekna til 3,5 millionar eks mva (oppsett vist i vedlegg).

Kvam herad vil også leggje til rette for nedre del av utbetring seinare. Dette vert gjort ved at ein planlegg å overta nødvendig område til veg og fortau for grunneigara og ved at ein gjer makabyte dvs grunneigara får tilsvarane areal tilbake frå Kvam herad. Kvam herad tek med dette ein betydeleg kostnad for å leggje til rette for framtidig veg og fortau.

Dersom det er manglande opplysingar eller det ynskjer meir informasjon kan de ta kontakt med underteikna.

Med venleg helsing


**Nils Eivind Stranden**  
Leiar kommunalteknikk  
Telefon: 56553187

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Kopi til:**  
Tore Skeie  
Leif Skår  
Arild McClellan Steine  
Lars Ese Ur



## Kartutsnitt av planlagt fortau (grøn - kommunal del, raud fylkeskommunal del)



### Vedlegg

30.03.2017

30.03.2017

30.03.2017


### Tittel

Nytt fortau FV131

Søknadskjema 2017. Punktutbetring og trygg skuleveg


Godkjend TS-plan Kvam for 2016-2019 290316

## Kartutsnitt av eksisterande veglinje utan fortau







# Godkjend reguleringsplan med fortau



Område som ein ynskjer utbetra no (110 m)









Smal vegbane for skuleborn og bilar  
samtidig – Øvre del (sett frå aust ) ca 110 m  
som ein ynskjer å utbetre fyrst